Vest-Telemark rådet

samarbeid på alle område og alle plan

Til ordførarane og rådmennene i kommunane:
Fyresdal, Kviteseid, Nissedal,
Seljord, Tokke og Vinje.

20. august 2013

Innkalling til rådsmøte

Stad: Morgedal Hotell
Dato: Tysdag 27. august 2013
Kl. slett: 09.00

Vest-Telemarkrådet vil innleiingsvis drøfte nærare omkring regional plan for samordna areal og transport i samband med komande møte 2. – 3. september i Vrådal.
Vidare vil rådet handsame sak omkring ny organisering av etablerertenesten.

Rådet vil også handsame forslag til brev i samband med postomberingssaken der ein vil be andre regionråd/kommunar om å delta med økonomiske garantiar i høve at Staten/Posten Norge AS har anka domen i Tingretten.

Vi minner også om representantskapsmøta i PP-tenesten og brannvernsamarbeidet same dag, og ynskjer vel møtt i Morgedal 27. august.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet

Torstein Tveito (sign)
Regionordførar

Kjell Gunnar Heggenes
Regionrådsleiar

Telefon: 350 68400
Fax: 350 68401
E-post: vtr@vest-telemark.no
Web: www.vest-telemark.no
Bank: 2660.65.03724
Adresse: Granlivegen 1A
Veksthuset
3850 KVITESEID

Sakliste til rådsmøte 27. august 2013

Sak 33/2013 Referat frå rådsmøte 21. mai 2013

Sak 34/2013 Regional plan for samordna areal og transport – invitasjon til verkstad

Sak 35/2013 Ny organisering av etablerertenesten i Telemark

Sak 36/2013 Postombering i utkantstrok

Sak 37/2013 Orienteringssaker.

- Orientering om høyringskonferansen 22. august gjeldande ny regional folkehelsestrategi
- Svar frå Samferdselsdepartementet gjeldande nye rutetider på Sørlandsbanen
- ”Vandring for forandring” – mogleg pilegrimsvandring Ulevå – Svandalsflona 7. september.

Sak 38/2013 Opplegg for styremøte i Vest-Telemarkrådet, drøftingssak.

Sak 39/2013 Forslag til opplegg for markering av 20-årsjubiléet til VTR

Sak 40/2013 Økonomisk oppgjer mellom Vest-Telemark Næringsutvikling og Vest-Telemarkrådet i høve til strategisk Næringsplan.

Referat frå møte i Vest-Telemarkrådet 21. mai 2013.

Tilstades: Regionordførar Torstein Tveito, Hilde Alice Vågslid, Halvor Homme, Erik Skjervagen, Hans Bakke, Britt Houge, Tor Eivind Erikstein, Sverre Sæter, Ketil Kiland, Ole Dalen og Kjell Gunnar Heggenes.
Solveig S. Abrahamsen og Arne Vinje hadde meldt forfall til møtet.

Vest-Telemarkrådet opna rådsmøtet med å markere 100 - årsjubiléet for kvinnenes stemmerett i Noreg. Fylkesmann Kari Nordheim-Larsen var tilstades og kåserte om bakgrunnen for jubiléet. Ho skildra på ein levande måte utviklinga i samfunnslivet og fortalde om kvinnene som kjempa fram retten for 100 år sidan og streka under kva betydning denne kampen har hatt for vårt land. Noreg vart det tredje landet (etter Finland og Australia) i verda som innførte ålmenn stemmerett.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 22/2013 Referat frå rådsmøte 19. mars 2013.
Det låg føre eit korrigert forslag til referat frå rådsmøtet 19. mars.
Under sak 21/2013 Orienteringssaker pkt. om psykolog-tenesten var det i det tidlegare utsendte forslaget feilformuleringar som tilsa at den felles interkommunale psykologtenesten skulle vidareførast. Dette var feil referert, og var retta i saksdokumenta til dagens møte.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det korrigerte referatet slik det går fram av saksdokumenta.

Sak 23/2013 Entreprenørskap i skulen, status i Vest-Telemark.
Rådgjevar Geir Morten Johansen frå Telemark fylkeskommune orienterte innleiingsvis om entreprenørskapsarbeidet i fylket. Han kom mellom anna med oppfordring om å nytte Ungt Entreprenørskap (UE) som samarbeidspart i entreprenørskapsarbeidet.
Vidare orienterte Svein Henriksen frå arbeidet innan etablerertenesten i regionen, mellom anna om samarbeidet med UE. Det vart frå Henriksens side signalisert ynskje om fleire tiltak, mellom anna tilråding om å få dette inn i avtalene mellom Telemark fylkeskommune og dei enkelte kommunane.
Tilstades i møtet var også Kerstin Laue frå NHO Telemark. Ho var prosjektleiar for prosjektet *" Entreprenørskap frå barnehage til vidaregåande skule",* som hadde oppstart i 2003. For 8 år sidan var Vest-Telemark "best i verden", men har ikkje lenger same status iflg. Laue.
Kerstin Laue foreslo "rolle-modellen" som skreddersydd opplegg for Vest-Telemark i det vidare entreprenørskapsarbeidet.
Frå rådmennene låg det føre ei kort oppsummering omkring dagens aktivitet innafor entreprenørskaps-arbeidet i regionen.
Kerstin Laue orienterte avslutningsvis om prosjektet jobb-avis , der Kviteseid kommune har gjennomført dette.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande. Det er ynskje om å vidareføre entreprenørskapsarbeidet i regionen, og ein vil vurdere nærare på kva måte dette kan gjerast. Temaet kjem opp att på eit seinare møte.

Sak 24/2013 Postombering i utkantstrok.

Det låg føre brev frå advokat Johan Henrik Frøstrup, som på vegne av Harald Omnes med fleir, spør Vest-Telemarkkommunane om garanti for sakskostnader i samband med mogleg anke frå Staten/Postverket i postomberingssaken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet gjev garanti for inntil kr 200 000,- i ein mogleg ankesak. Midlane vert disponert frå grunnfondet. Ein oppmodar Midt-Telemarkrådet om å stille tilsvarande garanti.

Sak 25/2013 Sykkelrute Telemarksvegen og andre sykkelmoglegheiter i Telemark. Utsett sak.

Øyvind Tveit orienterte innleiingsvis om bakgrunnen for saken og arbeidet som er lagt ned for å få til sykkelrute langs Telemarksvegen.

Henrik Duus frå Statens vegvesen var tilstades og orienterte om moglegheiten for å sette denne sykkelruta inn i ein større samanheng. Mellom anna viste Duus til kva som blir gjort på andre kantar av landet.:

- samarbeid mellom hotell og andre
- velge ut og kvaltitetssikre tilbod
- felles marknadsføring
- samarbeide omkring utvikling av sykkelstrekningar

Duus viste også til svaberga i området Treungen/Gautefall, der det frå naturens side ligg vel til rette for flotte sykkel-opplevingar.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringane til vitande, og ynskjer å sjå nærare på korleis dette kan utviklast vidare.

Sak 26/2013 Forslag til årsmelding og årsrekneskap 2012.

Det låg føre forslag til årsmelding og årsrekneskap 2012.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til årsmelding og årsrekneskap 2012 til framlegging og endeleg godkjenning i Vest-Telemarktinget.

Sak 27/2013 Forslag til sakliste Vest-Telemarktinget 12. juni 2013.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til sakliste for Vest-Telemarktinget 12. juni 2013.

Sak 28/2013 Evaluering av Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark.
Det låg føre oversikt over dei enkelte tiltaka Strategisk Næringsplan med tilråding frå næringsguppa gjeldande kvart enkelt tiltak.

Vedtak: Ein vidarefører / tek ut enkelt-tiltaka i Strategisk Næringsplan etter fylgjande modell:

1-1 Bulyst : Tiltaket vert vidareført og sekretariatet i VTR fylgjer opp tilrådinga frå næringsgruppa. Ny utførar vert VTR.
1-2 Telejobb: Prosjektet takast ut som tiltak i Strategisk Næringsplan.

2-1 Digitale fellessatsingar i Vest-Telemark: Prosjektet takast ut som tiltak i Strategisk Næringsplan.
2-2 Felles reiselivsprogram for Vest-Telemark : Tiltaket vert vidareført i tråd med framlagt skisse frå arbeidsgruppa. Det er ynskjeleg at reiselivsgruppa er involvert i det vidare arbeidet.
2-3 Vandreregionen: Tiltaket vert vidareført.

3-1 Vest-Telemark Invest AS: Prosjektet takast ut som tiltak i Strategisk Næringsplan.
3-2 Ung bedrift: Prosjektet takast ut som tiltak i Strategisk Næringsplan.
3-3 Næringscluster - Vest-Telemark: Prosjektet vert vidareført. VTR står som eigar av tiltaket, medan prosjektansvar og prosjektleiing vert lagt til Vest-Telemark Næringsforum. Vedtak om vidareføring medfører ikkje at ein løyver midlane som skissert i finansieringsplanen.
3-4 SIVA Næringshage: Tiltaket vert vidareført i tråd med skissa frå næringsgruppa.

4-1 Breiband: Tiltaket vert vidareført i den grad det er finansiert.
4-2 Mobilnettet: Tiltaket vert vidareført i den grad det er finansiert.
4-3 Vegen i Vest-Telemark: Tiltaket vert vidareført i den grad det er finansiert.
4-4 Høgfartsbane over Haukeli: Tiltaket vert vidareført i den grad det er finansiert.

Sak 29/2013 Ny regional strategi for folkehelse i Telemark 2012 - 2016
Ny regional strategi for folkehelse i Telemark er under utarbeiding. Geir Møller frå Telemark fylkeskommune var tilstades og orienterte nærare om arbeidet.
Endeleg høyringsutkast vert sendt ut 1. juli med høyringsfrist 1.oktober.
Dette er også tenkt inn i avtalene mellom fylkeskommunen og kommunane.
Vedtak: Vest-Telemarkrådet tek orienteringa til vitande. Medlemene av Rådet tek med seg oppfordring om å spele inn forslag til førebyggande tiltak samt forslag til aktuelle samarbeidsområde.

Sak 30/2013 Forslag til opplegg for markering av 20-årsjubiléet til VTR.

Det låg føre tilbod frå Olav Mosdøl om utarbeiding av eit festskrift i storleik 50 - 60 sider til ein pris av kr 65 000,- + mva.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet aksepterer tilbodet frå Olav Mosdøl om å utarbeide eit 50-60 siders festskrift i samband med 20-årsjubiléet. Samla pris sett til kr 65 000,- + mva. Kostnadene i samband med festskriftet og ei jubiléumssamling til hausten vert å dekke med midlar frå det generelle disposisjonsfondet.

Sak 31/2013 Forslag til høyringsuttale planprogram for regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2014 - 2025. Planprogram.

Vedtak: Vest-Telemnarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til uttale i høve planprogram for regional plan for samordna areal og transport i Telemark 2014 - 2025.

Sak 32/2013 Orienteringssaker.

Læringsløpet for dei tilsette.

Ole Dalen orienterte kort om status for prosjektet. I Vest-Telemark har ein prioritert pilot/læringsløp innafor generell sakshandsaming i helsesektoren. Det skal tilsetjast prosjektmedarbeidarar og utviklast læringsløp i regi av prosjektansvarleg/fagnettverk.

Friluftsråd.

Rådgjevar Ole Bjørn Bårnes orienterte kort om saken. Fylkeskommunen avventar mellom anna oppretting av friluftsråd i Grenland, og Bårnes meiner at også kommunane i Vest-Telemark har behov for ein slik organisasjon.

Telemark Fylkeskommune har stilt kr. 50 000,- til disposisjon for eit forstudie som FAUN er engasjert til å gjennomføre.

Busstilbodet Brunkeberg - Arendal.

Kjell Gunnar Heggenes orienterte kort om den komande anbodssituasjonen innafor kollektivtrafikken i Aust-Agder.

Telemark Bilruter har søkt om gjennomgåande konsesjon på strekning Brunkeberg – Arendal, og inviterer til samarbeid med fylkeskommunen om kjøp av rutetenester som alternativ til bruttoanbod. Vest-Telemarkrådet, saman med Åmli kommune, har i brev av 22. april rådd til at eit slikt samarbeid blir oppretta.

Kort frå møtet i fylkestinget 16. april.

Torstein Tveito og Kjell Gunnar Heggenes orienterte kort frå møtet. Av særskilt viktige saker for vår region vart nemnd vidareføring av Telemark Interkommunale Næringsfond, arbeid for helikopterbase i Telemark samt forskottering av kostnader på E134 i Grungedal.

Referent: Kjell Gunnar Heggenes

Sak 34/2013 Regional plan for samordna areal og transport – invitasjon til verkstad.

Bakgrunn:
I brev av 31. juli 2013 inviterer Telemark fylkeskommune til 2 dagars verkstadsamling i Vrådal gjeldande regional plan for samordna transport og areal. Dato for samlinga i vår region er sett til 2. – 3. september, og programmet vil innehalde ein kombinasjon av foredrag og dialog/gruppearbeid. Forslag til plan vil bli lagt ut til høyring i desember med tanke på politisk handsaming i 2014.
Kommunane er invitert til å delta med inntil 4 representantar kvar, med representasjon frå både politisk og administrativ leiing. Regionane er invitert til å delta med regionsekretærane og næringsutviklings-selskapa samt aktuelle interkommunale organ elles.

Regional plan for samordna areal og transport 2014 – 2025 erstattar fylgjande planer:

- *Fylkesvegplan (http://www.telemark-fk.no/Media/Files/Arealbruk-og-transport/Veg/Fylkesvegplan-2011-2019)*
- *Senterstrukturplan (http://www.telemark-fk.no/Media/Files/Arealbruk-og-transport/Planer-og-strategier/Fylkesdelplan-for-senterstruktur)*
- *Kollektivplan (http://www.telemark-fk.no/Media/Files/Arealbruk-og-transport/Kollektiv/Kollektivplan-for-Telemark)*
- *Trafikktryggleiksplan (http://www.telemark-fk.no/Media/Files/Arealbruk-og-transport/Trafikksikkerhet/TSplan_Telemark_2010_13)*

I prosessen så langt har mellom andre representantar frå kommunane sine planavdelingar drøfta medverknad, utforming av planprogram samt behovet for moglege kartleggingar/utgreiingar. (Her finn de planprogrammet: http://www.telemark-fk.no/Media/Files/Arealbruk-og-transport/Planer-og-strategier/Regional-planstrategi-2012-2016)

I rådsmøte 19. mars 2013 handsama Vest-Telemarkrådet invitasjonen til samarbeid omkring planen og signaliserte ynskje om ei nærare orientering om planprogrammet. Slik orientering vart gjeven i møte 9. april.
Seinare har Rådet slutta seg til forslaget til planprogram og peika på viktigheiten av koordinering mellom ATP Telemark og ATP Grenland.
I samband med prosessen rundt ATP har regionane hatt høve til å gje kortfatta evalueringar av dei 4 noverande planane.

I denne førebuande fasen har vi også fått eit notat frå Børge Skårdal i Vest-Telemark Næringsutvikling der det blir peika på eit aktuelt dokumentasjonsarbeid i samband med *Telemarksvingen* som vil ligge føre til verkstadsamlinga.
Dokumentasjonen er 2-delt. Ei verbal framstilling utført av VTNF v/Knut Inge Skoland ligg ved saken, medan ein teknisk dokumentasjon for strekningen Krossli – Dalen – Åmot – Rauland vil ligge føre 26. august. Denne dokumentasjonen vert utført av Rambøll AS.

Dokumentasjonen kan vera eit viktig grunnlag for prioritering av tiltak på denne strekningen. I tillegg må også tiltak på andre delar av *Telemarksvingen* takast med i vurderinga.

Sak 35/2013 Ny organisering av etablerertenesten i Telemark.

Bakgrunn:
I brev (e-post) frå Telemark fylkeskommune, datert 3. juli, går det fram at fylkeskommunen har sett i gang eit arbeid for å endre finansieringsmåten av etablererkontora. Grunngjevinga er at noverande ordning ikkje er i tråd med EØS sitt regelverk. Dagens finansiering frå fylkeskommunene via Innovasjon Norge er å sjå på som driftsmiddel, og reglane tilseier at dette må setjast ut på anbod.
Etablererkontoret Telemark er i dag felles nemning for fylgjande 5 regionkontor som tilbyr etablerer-vegleiing:

- Etablererkontoret Vestmar
- Etablererkontoret Grenland
- Etablererkontoret Midt-Telemark
- Etablererkontoret Øst-Telemark
- Etablererkontoret Vest-Telemark

Telemark fylkeskommune opplyser i sitt brev at ein no foreslår ein ny modell for finansiering av denne drifta. Dette arbeidet er ikkje ferdig, og det ventast mellom anna ein rapport frå konsulentselskapet Ernst & Young knytt til dei juridiske sidene ved finansieringa.

Det ligg føre fleire moglege finansieringsmodellar frå TFK så langt i prosessen, og dei ynskjer at kommunane kjem med uttale på korleis dei ser seg best tent med ny organisering.

Føresetnadar for utgreiinga i TFK er følgjande:

- Dagens regionaliserte struktur med fem kontorer oppretthaldas (interkommunale samarbeid).
- Intensjonen om at etablerertjenesten utførast i utvida kommunal/fylkeskommunal egenregi fullførast.
- Alternativ for kommuner som ikkje finn løysning i interkommunale samarbeid: Tilskotsordning
    - Kommunal eigenregi
    - Kommunalt innkjøp igjennom anbod

Av fylkeskommunen sitt brev går det fram at det vil bli utarbeidd saksinnstilling for politisk handsaming, og at ein ynskjer at regionrådssekretærane førebur kommunane på å ta saken opp til handsaming i haust.

Presentasjonen med dei ulike modellane finn de her:
http://www.vest-telemark.no/content/view/embed/24846 -
http://www.vest-telemark.no/content/view/embed/24846%2520

Arbeidsutvalet fekk presentert to ulike modellar på sitt møte 13.08.2013:

1. Et fylkesdekkande IKS der kommunane og Telemark fylkeskommune er eigarar
2. Telemark fylkeskommune deltek som eigar i regionale interkommunale samarbeid (Grenland, Midt-Telemark, Vest-Telemark og Kongsbergregionen?

Konklusjon frå AU vart fylgjande:

> ”AU rår til at VTR går inn for modell 2; regionalt IKS der ein dreg vekslar på kompetansen i dei ulike miljøa i mellom anna kommunane og næringshagane.”

Møte mellom dei Næringsansvarlege 20. august
Geir Morten Johansen frå TFK var på møtet og informerte om prosessen i TFK. Dei næringsansvarlege kom fram til fylgjande:

> *Utvalet ber om at saka vert utsett til neste møte.*
>
> *Det er for tidleg å ta stilling til dette no. Ein må vente med å ta stilling til dette i VTR til saka er meir utgreidd både i kommunane og i TFK.*
>
> *Hovuprinsippa for vidare finansiering er kjent, og ein må drøfte dette for å fastsette kva som er ynskjeleg for Vest-Telemark.*
>
> *Vidare prosess kan vera: Etter interne prosessar i kommunane kjem ein attende til VTR med tilråing av modell. Dette spelast inn i fellesskap frå dei næringsansvarlege etter møtet 1. oktober 2013, og kan handsamast i VTR 15. oktober.*
>
> *Ein bør vurdere to andre måtar å gjennomføre etablerertenesta på:*
>
> 1. *Konkurranseutsetting ved anbod*
> 2. *Eigenregi gjennom adminstrasjonen i VTR.*

Vedtak:

Sak 36/2013 Postombering i utkantstrok.

Bakgrunn:
Saken omkring postomberinga i utkantstrok har vore oppe i Vest-Telemarkrådet ved fleire høve. Rådet vart på eit tidleg tidspunkt kontakta av Harald Omnes frå Flåbygd som gjorde oss merksame på faren for redusert postombering i distrikta. Særleg galdt dette plassering av postkasser og Postens signal om redusert ombering ved ferre enn 3 husstandar pr. km.

I mars 2012 sende Vest-Telemarkrådet brev til Samferdselsdepartementet i saken. Likeeins vart det sendt brev til Transport- og kommunikasjonskomitéen på Stortinget i juni 2012 der vi foreslo endringar i dei føreslegne retningslinene for postombering i den komande stortingsmeldinga om Postens verksemd.

I møte 21. mai 2013 drøfta Vest-Telemarkrådet problematikken rundt postomberinga i utkantstrok, og den nyleg avsagte domen i Oslo Tingrett der Harald Omnes saman med 7 andre privat-personar då hadde fått medhald i at reduksjon i postomberinga ikkje er heimla i loven. Det er også gjort kjent at både Staten og Posten har anka domen til Høgsterett.

Det er 3 vedlegg til saka; dom frå tingretten, samt to brev frå Harald Omnes.
Last ned vedlegga her: http://www.vest-telemark.no/Aktoer/Vest-Telemarkraadet/Saksvedlegg-til-raadsmoetet-27.-august-2013

Saken er av stor prinsipiell betydning, og vil ved mogleg tap i domstolane bli svært merkbar for postframføringa til ei rekkje innbyggjarar, ikkje berre i vår region, men utover det ganske land. I tillegg vil dei 8 privat-personane som har gått til sak få ei ei stor økonomisk belastning.

Til rådsmøtet 21. mai låg det føre spørsmål frå advokat Frøstrup, på vegne av dei 8 personane, om å gje mogleg garanti for sakskostnadene i vidare saksgang i rettsapparatet.
Det vart gjort slikt vedtak:
"Vest-Telemarkrådet gjev garanti for inntil kr 200 000,- i ei mogleg ankesak. Midlane vert disponert frå grunnfondet. Ein oppmodar Midt-Telemarkrådet om å stille tilsvarande garanti."
Midt-Telemarkrådet har gjort vedtak om å stø saken politisk og oppmodar kommunane sine om å gå inn med økonomiske garantiar. Nome kommune har etter dette garantert for kr. 50 000,-.

Etter rådsmøtet 21. mai har regionrådsleiar vore i kontakt både med Harald Omnes og Midt-Telemarkrådet om saken, der vi har drøfta tiltak for å få tilslutning/garantiar frå andre kommunanar/regionar. Det har vore telefonisk kontakt med nokre andre regionråd utan at det så langt ligg føre økonomiske tilsagn.
Etter avtale har Midt-Telemarkrådet utarbeidd eit fyrste utkast til felles brev med tanke på utsending til kommunar/kommuneregionar.
Arbeidsutvalet drøfta dette utkastet i sitt møte 13. august men tilrår at Vest-Telemarkrådet i staden utformar og sender ut eit eige brev i saken.
På bakgrunn av dette er det utarbeidd slikt forslag til brev, og begge forslaga ligg som vedlegg til saken.

Forslag til vedtak:

Vest-Telemarkrådet godkjenner det framlagte forslaget til eige brev frå Vest-Telemarkrådet der ein oppmodar kommunar/kommuneregionar til å bidra med økonomisk garanti i samband med mogleg tap og ilegging av sakskostnader i Lagmannsrett.

Til regionråda/kommunane

27. august 2013

Redusert postombering i distrikta. Oppfordring til regionråda/kommunane om økonomiske garantiar i samband med ankesak mellom Samferdselsdepartementet/Posten Norge AS og 8 privatpersonar i Nome.

Vest-Telemarkrådet vart i juni 2012 kontakta av Harald Omnes, som på vegne av 8 oppsittarar i Nome kommune var i ferd med å anlegge sak mot Staten/Posten Norge AS i samband med krav om flytting av postkasser. Bakgrunnen var at dei 8 oppsittarane er usamd i Postens tolking av konsesjonsbestemmelsane, der Postverket meiner seg fritatt for levering på strekningar med færre enn 3 husstandar pr kilometer. Omnes hadde fått pålegg frå Postverket om å flytta postkassa 2,5 km unna dagens plassering. Tilsvarande krav om flytting er også gjort gjeldande for dei 7 andre oppsittarane.
Oppsittarane har etter dette stevna Staten og Posten Norge for retten med påstand om at det ikkje er heimel for kravet om flytting.
Saken har ført fram slik at Oslo Tingrett i si domsavseiing av 18. april 2013 har gitt dei 8 oppsittarane medhald i at Posten ikkje har høve til å legge til grunn unntaksbestemmelsen med krav om meir enn 3 husstandar pr. km veg. Staten/Posten Norge er også idømt sakskostnadene.

Både Staten og Posten har seinare levert inn ankeerklæringar til Borgarting lagmannsrett med krav om frifinning og at motparten vert idømt sakskostnadene frå både tingretten og lagmannsretten. Ankesaken er beramma til 26. september 2014.

Sidan saken er av stor prinsipiell betydning og vil kunne medføre redusert kvalitet i postframføringa for hundrevis av husstandar berre i vår region, har Vest-Telemarkrådet engasjert seg i saken. I møte 21. mai 2013 gav Rådet garanti for inntil kr. 200 000,- i samband med mogleg tap i ankesaken.
Seinare har Midt-Telemarkrådet oppmoda sine 3 kommunar om å vedta garantiar, og pr. i dag har Nome kommune gjort vedtak om å garantere for kr. 50 000,-.

Samla sakskostnader i Tingretten er i storleik 400 000,-. Eit mogleg tap i lagmannsretten vil kunne påføre tapande part eit tilsvarande beløp slik at samla sakskostnader kan kome til å beløpe seg til kr 800 000,-.
Vi vurderer saken å vera så prinsipiell at det ikkje er rett at eit lite antal privatpersonar skal risikere å måtte bere desse store kostnadene åleine.

Vi vender oss derfor til andre regionråd/kommunar og oppmodar om å stille økonomisk garanti i saken. Ved å slutte opp om dette, kan garantisummen for den enkelte reduserast, og ein avlastar privatpersonane som har "tatt støyten" så langt.

Ei god oppslutning vil også vera eit sterkt signal til Staten/Posten Norge AS om at saken er prinsipiell, og at ein ikkje godtek reduksjon av postomberinga i distrikta.

Telefon: 350 68400
Fax: 350 68401
E-post: vtr@vest-telemark.no
Web: www.vest-telemark.no
Bank: 2660.65.03724
Adresse: Granlivegen 1A
Veksthuset
3850 KVITESEID

Vi ber om gode vedtak i saken, og tilbakemelding pr. post til:
Vest-Telemarkrådet, Granlivegen 1A, 3850 Kviteseid
Eller som e-post til : kgh@vest-telemark.no
Nærare informasjon kan ein få ved å ringe regionordførar Torstein Tveito på
tlf : 942 76052 eller regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes på tlf 415 52775.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet

Solveig S. Abrahamsen
Ordførar Seljord

Erik Skjervagen
Ordførar Fyresdal

Hilde Alice Vågslid
Ordførar Tokke

Halvor Homme
Ordførar Nissedal

Arne Vinje
Ordførar Vinje

Kjell Gunnar Heggenes
Regionrådsleiar

Torstein Tveito
Ordførar Kviteseid
Regionordførar

MIDT-TELEMARKRÅDET OG VEST-TELEMARKRÅDET

Postombæring i distriktet

Sak om Statens og Posten Norges tolking av EU sitt postdirektiv, postloven og konsesjonsvilkår for Posten Norge

Erling Rønnekleiv og Kjell Gunnar Heggenes

27.06.2013

8 husstander i Nome og Sauherad saksøkte Staten og Posten Norge for det dei meiner er urimeleg forskjellsbehandling og for generell tolking av unntaksbestemmelser etter EU sitt postdirektiv og Postloven. Saksøkerne vant i Oslo tingrett, men både Staten og Posten Norge ankar saken videre. Saken er i høyeste grad prinsipiell og vil med Posten Norges tolking åpne for vidtrekkende nedbygging av offentlig infrastruktur til de mest grisgrendte områder av landet. Midt-Telemarkrådet og Vest-Telemarkrådet oppfordrer alle landets distriktskommuner og fylkeskommuner til å støtte saksøkerne med solidargarantier for sakskostnader slik at de har mulighet til å få rettslig belyst viktige prinsipper om at offentlig tenesteyting skal ytes til alle etter rettferdige kriterier.

Oppsummert:

Dette dokumentet er et sammendrag av saken slik den er politisk behandlet i Midt-Telemarkrådet og Vest-Telemarkrådet.

EU sitt postdirektiv , postloven og konsesjonsbetingelsene for Posten Norge skal sikre at det offentlege si grunngjeving for å gje Posten Norge as enerett til å distribuere brevpost over heile landet er ryddige. Grunngjevinga er at slik enerett blir gjeve på betingelser av at samfunnets behov for ein distributør som når ut til alle innbyggjarar blir oppfylt. Når staten og Posten Norge tolkar direktiv og postlov til for omfattande og systematiske unntak, svekkar dette nettopp prinsippet for å gje slik einerett. Og det svekkar tilbodet til ei svak og spredt gruppe innbyggjarar fordi desse utgjer eit mindretal av innbyggjarane i kvar einskild kommune. Når Posten Norge oppgjev at dei vil spare 65 millionar på denne tolkinga så tilseier også det at dei meiner å utvide dette unntaket til å gjelde mange fleire enn som i dag har fått merke denne tolkinga.

Kommunane i Midt-Telemark og Vest-Telemark har gjort vedtak om å stå bak dei 8 oppsitterne som står som statens motpart i denne saka. Imidlertid er dette en prinsipiell sak som berører alle kommunar med nokre få oppsittere her og der.

Derfor ønsker vi å oppfordre alle landets kommuner og fylkeskommuner, eventuelt gjennom sine regionråd, til å stille seg bak en solidargaranti for sakskostnader som disse 8 husstandene risikerer for å få saken rettslig belyst i neste instans.

Om 100 kommuner står bak en slik solidargaranti så er ikke det store beløp på hver, men om 8 husstander skal stå imot ankesak fra regjeringsadvokaten og postens advokater alene i denne prinsippsaken så vil dette bety en urimelig belastning på disse.

Vedtak om slik garanti kan sendes pr brev til:

Vest-Telemarkrådet , Granlivegen 1a, 3850 Kviteseid

eller til

Midt-Telemarkrådet, Postboks 83, 3833 Bø i Telemark.

Dokumentet består av følgende deler:

Brev frå Harald Omnes om konsekvenser av dommen i Oslo tingrett og statens anke.

Saksutgreiing til Midt-Telemarkrådet , innkludert vedtak frå Vest-Telemarkrådet , med vedtak 31.5.2013.

Saksutgreiing til Midt-Telemarkrådet , med vedtak 28.9.12

Som vedlegg følger Oslo tingretts dom i saka.

Oslo Tingretts dom i postkassesaka av 18.04.2013
- innhold og konsekvenser.

Dommen
Dommen går ut på at unntaket for leveringsplikten i Postens konsesjon der det er «*færre enn 3 husstander i gjennomsnitt per km*» kjennes ugyldig. (Særtilfelle 1 i vedlegg 1 til konsesjonen) Posten har derfor ikke hjemmel for den anviste plassering av saksøkernes postkasser. I tillegg har vi fått dekket saksomkostninger med kr. 175.360

Staten og Posten har ment at lovens formulering «*en utlevering av postsendinger pr. virkedag til alle fysiske og juridiske personers bosted eller fysisk adresse eller i særlige tilfeller til egnede innretninger*» betyr at Posten kan kreve postkassen flyttet til nær sagt hvor som helst. Spørsmålet er hva som menes med **til egnede innretninger** og hva er omfanget av **særlige tilfeller.**

I premissene for dommen heter det at:

> «Retten mener det er mest nærliggende å forstå lovens formulering om utlevering «*i særlige tilfeller til egnede innretninger*» dithen at det er tale om samlepostkasser o.l., altså levering opptil noen få hundre meter fra fysisk adresse. De færreste vil vel forstå at det med «*egnede innretninger*» siktes til at postkassen kan plasseres flere kilometer fra den fysiske adresse. Retten antar at samferdselskomiteen ikke forsto passusen slik Staten gjør gjeldende at den må forstås. Departementets forståelse åpner for at tusenvis av husstander kunne få et betydelig dårligere leveringstilbud. Dersom komiteen hadde forstått den formentlige tilsiktede rekkevidden av formuleringen, ville det vært nærliggende at dette hadde ført til en drøftelse som i det minste hadde blitt nedfelt som en kommentar i innstillingen.»

Det dommen slår fast er altså at det aktuelle unntaket er så omfattende at det neppe er i samsvar med det lovgiver har ment. Altså har departementet i konsesjonen åpnet for et unntak som det ikke er grunnlag for. Det er også det vi saksøkere har hevdet hele tiden.

Konsekvensene av dommen
Om denne dommen var blitt rettskraftig ville den satt en stopper for at Posten kunne kreve omfattende flytting av postkasser, og som nødvendigvis måtte bli resultatet om det ikke skal foretas en tilfeldig forskjellsbehandling. Antallet nekter Posten å opplyse om, men det er rimelig sikkert at dette vil gjelde titusenvis av husstander på landsbasis. Det er underlig at ikke Posten pålegges å framskaffe slike tall.

Det er likevel ikke slik at Posten vil bli pålagt å levere post i enhver avkrok av landet. I tillegg til unntak for leveringsplikten når det foreligger ekstraordinære omstendigheter eller særlige geografiske forhold – nærmere definert i konsesjonen – har Posten full hjemmel til å gjøre unntak dersom det etter en helhetsvurdering medfører urimelige kostnader. Og slik bør det også være. Således vil antakelig et stort antall av de ca. 3.200 husstandene/virksomhetene som i dag har måttet flytte sin postkasse, fortsatt kunne unntas fra å få posten levert på boligadresse. Det er i høyeste grad tvilsomt om den kostnad på 60 – 80 mill. kr som Posten oppgir som konsekvens for å miste den aktuelle unntaksregelen, er reell.

Jeg tror dommen fra Oslo Tingrett er vel begrunnet og riktig. Staten og Posten har beklageligvis likevel anket den. Det under meg hvis Departementets ledelse har studert dommen og forstått konsekvensene av den.

Basert på det som er anført ovenfor, oppfordrer jeg Staten og Posten til å trekke sine anker. Etter min oppfatning kunne Staten og Posten fint leve med denne dommen. Den innebærer at det fortsatt skal være lagt til rette for å bu og drive næringsvirksomhet i distrikter med spredt busetning. Selv om jeg tror vi også bør vinne fram i lagmannsretten er det en for stor risiko å ta uten en økonomisk garanti fra andre organer. Jeg er derfor svært glad for at Vest-Telemarkrådet støtter oss med inntil kr. 200.000 og håper andre kommuner, regioner eller fylker vil følge deres eksempel. Om det verste senario skulle bli resultatet vil vi kanskje trenge inntil kr. 500.000.

Dersom Staten eller Samfunnet ønsker et dårligere posttilbud slik det omstridte unntaket vil innebære, trengs det etter min mening en lovendring og en ny konsesjon som i klar tekst hjemler en slik innskrenkning.

Lunde, 28.04.2013

På vegne av de 8 saksøkerne

Harald Omnes

Midt-Telemarkrådet 31.05.2013 014/13

MTR-014/13

Vedtak:

Midt-Telemarkrådet ser med uro på at staten ved Samferdselsdepartementet ankar saka om postombæring til dei mest grisgrendte områda i landet. Dette betyr at staten ynskjer å byggje ned viktig infrastruktur i distriktsnorge.

Midt-Telemark-rådet oppmoder sine kommuner om å vedta en solidargaranti for saksomkostningene i saken mot Staten og Posten som de åtte husstandene i Midt-Telemark har reist. Garantien bør dekke både saksøkernes utgifter til egen advokat og eventuelt ansvar for idømte saksomkostninger i alle instanser.

Midt-Telemarkrådet vil oppmode alle andre distriktskommuner i hele landet om å bidra til slik solidargaranti.

Sammendrag

Saka gjeld politisk og økonomisk støtte til 8 husstandar i Nome og Sauherad som har saksøkt staten og Posten Norge i forhold til posten sin nye rutine der dei ynskjer å slutte å bære om post til husstandar der det er færre enn 3 hus pr kilometer på avstikkarar/ enden av postruter.

Dei 8 husstandane som har saksøkt staten og Posten Norge har vunne fram i Oslo tingrett med sitt primære krav som er at Posten Norge tolkar EU direktivet om postombæring i spredtbygde strøk og postlova feil.

Dei lokale husstandane har ikkje økonomi til å føre ankesak sjølv om dei vann fram med sitt hovudkrav i Oslo tingrett. Midt-Telemarkrådet har ikkje midlar å bruke til slike tiltak, men ein kan drøfte saka politisk og eventuelt oppmode eigne kommunar og også distriktskommunar over heile landet til å støtte ankesaka med økonomiske garantier.

Faktiske opplysninger

Vest-Telemarkrådet gjorde følgjande vedtak 21. mai i år:

"Sak 24/2013 Postombering i utkantstrok.

Det låg føre brev frå advokat Johan Henrik Frøstrup, som på vegne av Harald Omnes med fleir, spør Vest-Telemarkkommunane om garanti for sakskostnader i samband med mogleg anke frå Staten/Postverket i postomberingssaken.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet gjev garanti for inntil kr 200 000,- i ein mogleg ankesak. Midlane vert disponert frå grunnfondet. Ein oppmodar Midt-Telemarkrådet om å stille tilsvarande garanti."

Frå advokaten til dei lokale saksøkjarane har eg fått opplyst følgjande på spørsmål om saka var sendt kommunane i Midt-Telemark :

Nei, det er ikke sendt noen tilsvarende direkte henvendelse fra meg til Midt-Telemark-rådet. Men garantien fra Vest-Telemarkrådet vil ikke gi fullgod sikkerhet for det tilfelle at saksøkerne taper ankesaken med saksomkostninger. Mine klienter er derfor nå i en svært utsatt posisjon siden saken nå er anket. Jeg håper derfor at også Midt-Telemark-rådet kan gi en tilsvarende garanti, slik at innbyggerne i Nome som har reist saken ikke behøver å engste seg økonomisk for å ha reist en av de viktigste prinsippsaker for distiktsnorge i nyere tid.

Det tryggeste for saken hadde vært at Midt-Telemarkrådet vedtok følgende:

«Midt-Telemark-rådet vil be sine medlemskommuner om en solidargaranti for saksomkostningene i saken mot Staten og Posten som de åtte husstandene i Midt-Telemark har reist. Garantien bør dekke både saksøkernes utgifter til egen advokat og eventuelt ansvar for idømte saksomkostninger i alle instanser.»

Tar inn notatet til ordfører Skjervagen av 3. mai i år som redegjør mer for saken.

Til ordfører Erik Skjervagen.

Jeg bistår åtte husstander i Telemark i et saksanlegg mot Staten og Posten. Saken gjelder Postens planer om å frata et ukjent antall husstander i Norge postleveransene til bopel. Posten kan eller vil ikke opplyse hvor mange som blir berørt, men det kan være tale om flere titusen husstander i diskriktene som vil miste sin postleveranse til bostedet. Hittil har Posten bekreftet at ca 3000 husstander og næringsdrivende er berørt. Våre undersøkelser i Vest-Telemark viser at i Fyresdal kommune vil mellom 10 og 12 % av alle husstandene vil miste postleveransene dersom Postens planer ikke blir stoppet. Også andre Vest-Telemarkkommuner vil bli sterkt berørt.

Jeg vedlegger grunnlagsmaterialet som er innhentet av Harald Omnes. Disse viser følgende resultater dersom Postens planer gjennomføres:

Fyresdal kommune: ca. 10-12 % av husstandene mister postleveransene
Tokke kommune: ca. 4 % av husstandene mister postleveransene
Kviteseid kommune: mellom 100 og 200 husstander mister postleveransene

Seljord kommune: ca 4% (ca 1400 husstander) mister postleveransene
Jeg har på vegne av husstandene fremmet tre hovedanførsler i saken:

1- Staten og Posten har ikke hjemmel i Postloven til tiltakene

2- Posten inngrep er uansett et brudd på legalitetsprinsippet fordi husstandene etter generasjoner har fått en rettsbeskyttet forventning om postleveranser.

3- Postens fremgangsmåte innebærer usaklig forskjellsbehandling.

Saken har vært behandlet i Oslo tingrett. Dom er falt. Vi vant saken med saksomkostninger. Vi fikk medhold i vår prinsipale påstand. Dommen vedlegges. Staten og/eller Posten vil antakelig anke. Mine klienter har ikke økonomisk ryggrad til å fortsette saken. De håper derfor Fyresdal kommune og /eller de øvrige kommunene i Vest-Telemarkrådet kan garantere for saksomkostningene for den videre behandling i rettsapparatet.

Saken har stor medieinteresse og stor politisk interesse. Det beste hadde vært om senterpartistatsråden Arnestad grep inn og besluttet at dommen ikke bør ankes. At en senterpartistatsråd skal trumfe gjennom opphør av postombæringer til distriktene er i alle fall ikke i tråd med de verdier hun er satt til å forvalte på vegne av sitt parti! Men Omnes har fått opplyst at Finansdepartementet vil ha med de (av Posten anslåtte) kr 60 mill som kan spares ved tiltaket. Vi bestrider disse tallene, og Posten har ikke kunnet fremlegge noe underlagsmateriale for disse beregningene.

Jeg mener saken har en usedvanlig stor betydning for beboerne i distrikts-Norge, og det ser ut til at støtte fra distriktskommunene vil være eneste mulighet for å fortsette saken. Fylkesmannen i Telemark har avslått søknaden om fri sakførsel. Forsikringsdekningene er oppbrukt. Vi har også bedt Forbrukerrådet om støtte, men det sier at saken er mer distriktspolitisk enn forbrukerpolitisk, og har avslått støtte. Dette innebærer at dersom vi ikke får støtte, vil en anke innebære at vi må kaste kortene, og Posten kan triumfere.

Hører fra deg/Vest-Telemark-rådet så snart råd er.

Med vennlig hilsen
Johan Henrik Frøstrup
advokat

Møterett for Høyesterett

Vurdering

Innhaldet i saka har Midt Telemarkrådet handsama tidlegare i sak 38/12 datert 28.9.2012. Etter dette har altså oppsitjarane ført saka for Oslo tingrett og vunne fram med sine standpunkt som er i tråd med det som Midt-Telemarkrådet støtta politisk i 2012. Idag melder NRK nyheter at Staten ved Samferdselsdepartementet ankar saka som våre 8 lokale oppsitjarar har vunne i Oslo tingrett.

Det er beklageleg at staten bruker rettsapparatet vidare med den verknad at lokale innbyggjarar som påpeiker det dei meiner er forskjellsbehandling og urett etter lova. Og får medhald i første instans. Så må dei kaste korta fordi dei ikkje har økonomiske ressursar til å stå imot. Dette bør iallefall drøftast politisk i våre kommunar og gjerne i alle andre distriktskommunar om ikkje det er mogeleg å støtte ei slik viktig prinsippsak.

Oppsummering - konklusjon

Tilrår at Midt-Telemarkrådet stør saka politisk. Og at rådet oppmodar våre kommunar om å gå inn med garantiar eller midler som sikkerhet for å kunne følgje opp anken. Samstundes bør ein vurdere å mobilisere alle andre distriktskommunar rundt om i landet - statens forventa innsparing på 60 millionar vil iallefall ikkje kunne takast ut berre på våre 8 husstandar i Nome og Sauherad.

Sted

Midt-Telemark

Dato

23.05.2013

Stempel – underskrift

Erling Rønnekleiv

regionrådssekretær

Posten Norge konsesjonsreglar 2012

Arkivsaknr: 12/1494

MTR-038/12

Vedtak: Midt-Telemarkrådet stør Harald Omnes sin uttale til Samferdselsdepartementet om nye konsesjonsreglar til Posten.

Sammendrag

Saka gjeld Posten Norge sine tolkingar av konsesjonsvilkåra når det gjeld distribusjon i grisgrendte strøk. Samferdselsdepartementet har utsett nye konsesjonsvilkår til 31.12.2012.

Saka blir lagt fram for Midt-Telemarkrådet for politisk drøfting.

Faktiske opplysninger

Saka er synleggjort gjennom konkrete saker som råkar innbyggjarar i Nome og Sauherad. Dei har stevna Staten og Posten for å belyse dette rettsleg. Eg syner til deira stevning som lyder slik:

Våren 2010 fikk saksøkerne melding om at Posten Norge AS for fremtiden ville nekte å levere post til deres bostedsadresse. Dette til tross for at slik postlevering har vært gjennomført til saksøkernes bolig i om lag 50 år. Begrunnelsen var at Posten angivelig hadde rett til å stoppe slik ombæring med hjemmel i Postens konsesjon.

Saksøkerne ble oppbrakt over å miste postleveransen, som representerer den daglige kontakt med samfunnet. Saksøkerne har benyttet de klagemuligheter som finnes, uten å bli hørt.

Saksøkerne ser derfor ingen annen utvei enn å saksøke Staten og Posten Norge AS for å få dom på leveringsforpliktelsen.

Det vil prinsipalt bli hevdet at unntaket i leveringsforpliktelsen der hvor det er færre enn tre husstander i gjennomsnitt pr. kilometer (inntatt som særtilfelle 1) i Vedlegg 1 til konsesjonen), er i strid med EUs postdirektiv og postloven med forskrift.

Videre vil det bli anført at Posten Norge AS har foretatt en ulovlig innskrenkende tolking av postloven og konsesjonsbetingelsene i strid med legalitetsprinsippet.

3. Fra arbeidet med ny konsesjon

Gjeldende konsesjon ble gitt av Samferdselsdepartementet den 18. desember 2006. Konsesjonen utløp den 31. desember 2010. Den ble senere forlenget ett år, til 31. desember 2011. Under arbeidet med ny konsesjon kom det i høringsrunden inn mange protester mot den praksis Posten har tiltatt seg ved å stanse postombæring til personer bosatt i grisgrendte strøk. Blant annet på denne bakgrunn ble den konsesjon som var ment å gjelde fra 1. januar 2012 utsatt, og gjeldende konsesjon er forlenget til 31. desember 2012.

Bilag 30: Brev fra Samferdselsdepartementet av 28. september 2011 med forslag til ny konsesjon til høring.

Bilag 31: Innkomne høringsuttalelser. De høringsuttalelser som er markert med prikk vedlegges nærværende stevning.

Bilag 32: Høringsuttalelse fra saksøker nr. 1, Harald Omnes av 4. november 2011.

Bilag 33: Høringsuttalelse fra Nome kommune vi ordfører Bjørg Tveito Lundefaret av 9. november 2011. Nome kommune støtter merknadene fra saksøker nr. 1, Harald Omnes.

Bilag 34: Høringsuttalelse fra Post- og teletilsynet av 8. november 2011.

Bilag 35: Høringsuttalelse fra Posten Norge AS til Samferdselsdepartementet av 9. november 2011.

Bilag 36: Høringsuttalelse fra Telemark fylkeskommune av 7. november 2011. Det fremkommer her at også Telemark fylkeskommune er enig i saksøkernes standpunkt om at det er urimelig å frata disse postleveranser.

Bilag 37: Brev fra Samferdselsdepartementet til Posten Norge AS av 20. desember 2011 med forlengelse av gjeldende konsesjon til 31. desember 2012.

EU sitt postdirektiv lyder slik:

«De (medlemsstatene min presisering) sørger for, at de befordringspligtige virksomhederpå alle hverdage (mindstfem dage om ugen), med mindre der efter det nationale forvaltningsmyndigheds skøn foreligger ekstraordinære oinstændigheder eller geografiske forhold (min utheving), garanterer mindst:
èn indsamling
èn omdeling til alle fysiske og juridiske personers bopæl eller undtagelsesvis, på betingelser som den nationaleforvaltningsmyndighedfastsætter èn omdeling til hertil indrettede anlæg. Enhverfra vigelse eller undtagelse, som en national forvaltnings,nyndighed accepterer på grundlag af dette stykke, skal meddeles Kommissionen og alle nationale forvaltningsmyndigheter. »

I EU-direktiv 2008/6/EF av 20. februar 2008 er befordringsplikten presisert. Sistnevnte EU direktiv ble gitt for å sikre postmottakerne klarere, tryggere og mer stabil postombæring. Det heter innledningsvis i sistnevnte direktiv om befordringsplikten (i dansk versjon):

«Medlemsstatene sikrer overalt på deres område, at brugerne til enhver tid har adgang til et utbud afposttjenester af nærmere fastlagt kvalitet til priser, der er overkommelige for alle brugere.

Til dette formål sikrer medlemsstaterne, at tætheden af og adgangsforholdene til posttjenestens kontaktspunkter bestemmes af brugernes behov (min utheving), og at

befordringsplikten minimum fem arbeidsdage pr. uge garanteres med mindst èn indsamling og èn levering til enhver fysisk og juridisk persons hjemsted (art. 3).»

I avsnitt 21 heter det i direktivet:

«Befordringsplikten garanterer i prinsippet en indsamling og en levering til enhver fysisk eller juridisk persons hjemsted eller lokaler hver arbeidsdag, også i fierntliggende eller tynt befolkede områder. »

Dette er videreført i norsk lov slik:

Posten sin tolkning av konsesjonsvilkåra, frå stevninga:

A.

Det anføres at Posten Norge AS også er direkte bundet av EUs postdirektiv. Se anførslene i saken mot Staten over.

B.

I tillegg bryter Posten konsesjonsbetingelsene ved sin interne praktisering av unntaket i konsesjonen gjennom interne veiledninger og retningslinjer om avstandskravene ved færre enn tre husstander i gjennomsnitt pr. kilometer.

Posten Norge AS har foretatt en praksisendring i strid med legalitetsprinsippet.

C.

Under alle omstendigheter anføres at Posten har tolket unntaket i særtilfelle 1) i vedlegg 1 til konsesjonen for vidt.

Når det gjelder de av saksøkerne som bor ved Omnesvegen, skriver Posten i sitt brev av 28. september 2010 (bilag 10 over) at «Måling av husstander i gjennomsnitt pr. kilometer starter ved siste postlevering som ligger innenfor avstandskravene i konsesjonen, som i dette tilfellet er Omnesvegen 145.»

Dette er etter saksøkernes mening en helt vilkårlig tolkning som vanskelig er i overensstemmelse med formuleringen i unntaket.

Posten definerer selv særtilfelle 1) til å gjelde for stikkveier, dvs. avstikkere, jf. brevet til Post- og teletilsynet av 7. desember 2010, (bilag 17 over). Skal man finne gjennomsnittet for en stikkvei må en etter folk flests oppfatning legge hele strekningen til grunn, ikke bare den innerste biten av stikkveien, i dette tilfelle fra Omnesvegen 145 til Omnesvegen 400. Men det viktige er likevel at dette er interne retningsliner som ikke er offentlig tilgjengelige eller er hjemlet i konsesjonen og således ikke rettslig bindende.

Det anføres videre at Posten ved sin gjennomgang av saken i brevet til Post- og teletilsynet, bilag 17, siste avsnitt feilaktig legger til grunn at det er totalt 12 husstander langs Omnesvegen, åtte

på den første km, og fire på de siste 3,5 km. Da blir det uansett færre en tre husstander i gjennomsnitt pr km, både for hele veien og for den siste parsellen på 3,5 km. Det riktige antall husstander totalt er imidlertid 16 + en campingplass,jf. bilag 5. Da er en godt innenfor kravet om minst tre husstander i gjennomsnitt pr. km om en ser hele avstikkeren under ett.

Post- og teletilsynet viser i sin vurdering av klagen på Postens endelige vedtak til denne gjennomgang fra Posten, og har ingen ytterligere kommentar til vedtaket. Det er grunn til å tro at denne feiltolkingen har hatt påvirkning for utfallet av klagen. Også av den grunn vil vedtaket være ugyldig, jf forvaltningsloven § 41 forutsetningsvis.

Striden står om tolkninga av pkt b1 i vedlegg 1 til postens konsesjon:

Vurdering

Saka er opplyst gjennom å hente utsnitt frå stevninga. Heile stevninga med tilsvar finst som dokument i saka som kan oversendast på forespørsel. Dei juridiske detaljane går eg ikkje inn på i saksframstillinga og opplegg for politisk drøfting i Midt-Telemarkrådet. Det prinsipielle som også er gjenstand for politiske drøftingar i høve til nye konsesjonsvilkår frå Samferdselsdepartementet gjeld kva staten definerer som særlige tilfeller som kan gje unntak frå maks 250 meter i grisgrendte strøk.

Posten sjølv har definert dette i fleire omgangar. Først som gjennomsnitt i husstandar pr km fra krysset der ein stikkveg frå ruta startar. Så , i Omnes sitt tilfelle, i gjennomsnitt fra siste husklynge midt på stikkvegen til ytterste enden av ruta som Omnes. Frå andre deler av Telemark kan ein då sjå føre seg tenkte dømer der heile Fjone med 40 postkasser som ligg to mil frå "ruta" kan bli sanert bort fordi det er færre enn 3 pr kilometer veg. Og omvendt, Fjone har 40 postkasser då brukar ein ikkje denne definisjonen, men ytterst mot Omnes med 3 postkasser og ein campingplass passar det å bruke den. Då får ein ulik behandling med vilkårlege utslag for folk flest, noko som neppe har vore politikarane sin meining når dei implementerte postdirektivet.

I uttale frå Harald Omnes til departementet om nye konsesjonsvilkår foreslår han:

Unntak for færre enn 3 husstandar i snitt pr. km strykast. Grunngjeving: Dette er i motstrid til andre føringar i lovverk og konsesjon.

Unntak for ikkje farbar veg bør også innehalde eit tillegg om dårleg vegstandard og liknande, som fører til fare for skade på person eller materiell.

Det tas inn eit nytt avsnitt om at Post- og teletilsynet kan gjeva dispensasjon frå det generelle avstandskravet (100/250 m frå port/innkøring) dersom ombering vil vera urimeleg kostnadskrevjande. (Det må seiast noko om kva som ligg i urimelege kostnader)

Etter dagens konsesjon og reglar for handsaming vil krav om flytting av postkasser innanfor dei generelle avstandskrava utløyse klagerett. Dette vil vera arbeidskrevjande og

anskeleggjere rasjonaliseringstiltak. Difor bør desse avstandskrava takast inn i forskrift til ny Postlov.

Oppsummering - konklusjon

Gangføre innbyggjarar i tettbygde strøk må akseptere maks 100 meter til postkassen og i grisgrendte strøk inntil 250 meter til postkassen. Slike avstandar er ein fin spasertur som fremjar folkehelsa og kan gjennomførast rettferdig over heile landet. Men når Posten definerer unntaka slik at heile grender som tilfeldigvis ligg unna posten sine rundløyper med den konsekvens at publikum får fra 2,5 til 25 km til posten sine tenester så overfører ein dette transportbehovet til den enkelte oppsitjar sin privatbilisme. Det synest ikkje å vere i tråd med postdirektivet og gjev stor forskjellsbehandling. Skal Posten kunne drive slik forskjellsbehandling utfrå busettingsmønster så bør iallefall det ha vore politisk vedteke nasjonalt.

Kva for politisk handlingsrom har ein no? Midt-Telemarkrådet kan, om ein ynskjer det, gje politisk uttale til Samferdselsdepartementet sin politiske leiing om ting ein meiner er viktig at departementet innarbeider i nye konsesjonsreglar til Posten.

Den enklaste måten politisk ledelse i departementet kan sikre meir rettferdige vilkår for Postens begrensninger i områder med særlige geografiske utfordringer er å sløyfe pkt B1 i Vedlegg 1. Posten har truleg mykje meir rasjonaliseringsgevinst å hente på å samle oppsitjarar i tettbygde strøk til samlestativ og i grisgrendte strøk ved å samle postkassene ved/mot hovedveg med maksimalt 250 meter frå kvart hus som hovedregel. Og ein sikrar då rettferdig åpen forvaltningspraksis med mykje mindre rom for skjønn.

Forslag til uttale frå Harald Omnes ivaretek dette og kan være eit utgangspunkt for den politiske drøftinga.

Sak 38/2013 Opplegg for styremøte i Vest-Telemarkrådet, drøftingssak.

Bakgrunn:
Etter vedtak i Vest-Telemarktinget 13. desember 2011 vart Vest-Telemarkrådet formalisert som samarbeid etter § 27 i kommuneloven og vedtektene endra i tråd med dette.
Som grunnlag for vedtaket låg det føre likelydande kommunestyrevedtak i dei 6 kommunane der det mellom anna vart delegert mynde i samband med det administrative arbeidet i rådet.

Her kan du laste ned vedtektene: http://www.vest-telemark.no/Aktoer/Vest-Telemarkraadet/Saksvedlegg-til-raadsmoetet-27.-august-2013

I møte 19. mars 2013 godkjende Vest-Telemarkrådet rutiner/prosedyrer i forslag til endringsdokument gjeldande organiseringa av Rådets arbeid.

I utgreiingane som vart lagt til grunn for dette låg det føre ei tilråding frå rådmennene at Rådet av og til samlast som "styre" for å drøfte "drift og organisering" og gje føringar til dagleg leiar. I fyrste halvår 2013 er det halde 3 separate styremøte i samband med møta i Rådet/Tinget, der ein mellom anna har drøfta administrative prosedyrer, rapporteringsform og liknande.
Vi trur det er meir føremålstenleg å la styresakene inngå i den ordinære saklista til rådsmøta, men gjerne samla i ein egen sekvens. I handsaminga av desse sakene møtest ordførarane som styre for § 27-samarbeidet, og møta er i utgangspunktet opne slik rådsmøta er elles.
Dette vil oppfylle trongen for å handsame formelle styresaker samstundes som innkalling, referat og oppfylgjing av desse sakene fylgjer dei ordinære møterutinene.

Vi har for dette rådsmøtet lagt sakene 38, 39 og 40 tilslutt på saklista som ei prøve på slik ordning, og legg forslaget fram for nærare drøfting.

Last ned vedtaket frå Seljord kommune her: http://www.vest-telemark.no/Aktoer/Vest-Telemarkraadet/Saksvedlegg-til-raadsmoetet-27.-august-2013

Sak 39/2013
Forslag til opplegg for markering av 20-årsjubileum for Vest-Telemarkrådet

Bakgrunn:
Vest-Telemarkrådet vart formelt stifta 2. september 1993. I samband med det komande 20-årsjubileèt vart det på rådsmøtet i mars gjort vedtak om ei markering av jubileèt.

Arbeidsutvalet foreslår at det blir arrangert jubileumsfest fredag 11. oktober kl 18.00. Markeringa skal vere for innbodne gjester som har eller har hatt, direkte tilknytning/samarbeid med Vest-Telemarkrådet gjennom desse tjue åra.
Me ser for oss ein festkveld på Straand hotell i Vrådal med trerettars middag, musikk og underhaldning, samt at ein på ulike vis visualiserer/formidlar historikken i den tjue år gamle organisajonen. Etter vedtak i rådet, er det tinga eit jubileumsskrift, ført i pennen av forfattaren Olav Mosdøl. Dette vil bli offentleggjort for fyrste gong på jubileumsfesten.

Oppgåver fram til markeringa:
- Sekretæriatet i Vest-Telemarkrådet er i tett dialog med Olav Mosdøl i høve til tekst og grafisk utforming av skriftet. I midten av september vil teksten vere klar for gjennomsyn/korrektur, før alt blir ferdigstilt og sendt til trykk i slutten av september.
- Invitasjonar til jubileumsfeiringa vil bli sendt ut i byrjinga av september.
- Skaffe kjøgemeistar, festtalar, musikk og underhaldning til feiringa.
- Ha dialog med Straand hotell vedrørande mat og dekor av bord, samt lokala generelt.

Førebels forslag til gjesteliste:
- Dagens ordførarar i Vest-Telemark
- Regionordførarane frå 1993 og fram til i dag
- Medlemmer i Vest-Telemarkrådet – inkludert rådmenn
- Deltakarane i stiftingsmøtet: Olav Nordstoga, Inge Fjalestad, Kari Kile, Birger Nygård, John Kleivstaul, Olav Nystog og Brynjulf Nordbø
- Representantar frå Fylkeskommunen
- Regionrådsleiarane i dei andre regionane
- Sekretæriatet i Vest-Telemarkrådet
- Administrasjonen i Vest-Telemarkrådet
- Børge Skårdal og Grete Nordskog

Alle blir inviterte med fylje.

Vedlegg:
- Forslag på jubileumslogo
- Førebels forslag til invitasjon

Vest-Telemarkrådet

VELKOMEN

til 20-årsjubileumsfest for
Vest-Telemarkrådet

PÅ STRAAND HOTEL i VRÅDAL

11. oktober 2013 kl 18.00

Festmiddag
Musikk & underhaldning
Festtale
Lansering av jubileumsskrift

20
1993-2013
Vest-Telemarkrådet

Sak 14/2013 Økonomisk oppgjer mellom Vest-Telemark Næringsutvikling og Vest-Telemarkrådet i høve til Strategisk Næringsplan

Bakgrunn:
I møte 18. april 2013 mellom Vest-Telemark Næringsutvikling og Vest-Telemarkrådet drøfta partane det økonomiske oppgjeret i høve den negative økonomien i Strategisk Næringsplan. Frå Vest-Telemark Næringsutvikling møtte styreleiar Øystein Høgetveit og dagleg leiar Haldor Kaasin, og frå Vest-Telemarkrådet møtte regionordførarTorstein Tveito og regionrådsleiar Kjell Gunnar Heggenes.
Vest-Telemark Næringsutvikling viste til ein sum på kr. 733 340,- som ikkje er inndekt i samband med arbeidet med Strategisk Næringsplan.
På bakgrunn av at Vest-Telemarkrådet står som eigar av planen, og at planen er i tråd med regionenes arbeidsprogram og handsama i ei rekkje møte i Rådet og Tinget, var det ei forventning frå VTNU si side at partane har eit gjensidig økonomisk ansvar i saken.
Etter nærare drøftingar kom ein fram til at ein vil foreslå at partane dekker kvar sin halvpart av det manglande beløpet.

Forslag til vedtak:
Vest-Telemarkrådet dekker 50 % av manglande finansiering av prosjekta Vandreregionen og Digitale fellessatsingar i Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark.
Beløpet på kr. 366 670,- vert dekt inn frå det generelle disposisjonsfondet.